



# DEN NORSKE KYRKJA

## Møteprotokoll

**Bjørgvin bispedømeråd : Bispekontoret, den 25.05.2010**

### **Tilstades i møtet:**

Medlemmer:

Magne Skjeldal, Roar Strømme, Henny Koppen, Egil Morland, Ingmar Ljones,  
Bodil Birkenes, Monica Ugulsvik, Tone Synnøve Ø. Steinkopf og biskop Halvor Nordhaug.

Andre:

Stiftsdirektør Helge Taranrød (alle saker)  
Seksjonsleiar Gunvor Taule Mjanger (040, 045 – 46 og 48/10)  
Tenestemannsrepresentant Kjersti B. Boge (040/10)  
Økonomirådgjevar Solfrid Rong (041 og 042/10)  
Seksjonsleiar Tore Skjæveland (043/10)  
Rådgjevar for diakoni og misjon (043 og 051/10)  
Personalrådgjevar Christer Olsen (045 og 046/10)  
Dagleg leiar Toril Taklo (044/10)  
Styreleiar Inger Hoff (044/10)  
Kulturrådgjevar Inger Stoveland (049/10)

### **Saker som er handsama:**

038/10 – 053/10

### **Underskrifter:**

Magne Skjeldal (leiar)

Halvor Nordhaug

Bodil Birkenes

Cathrine Halstensen

Henny Koppen

Ingmar Ljones

Egil Morland

Roar Strømme

Monica Ugulsvik

Tone Synnøve Øygard Steinkopf

**Utskrifter:**

Medlemer, varamedlemer, administrasjonen, prostane i Bjørgvin, Presteforeininga, TeoLOgene, dei andre bispedømekontora, Kyrkerådet og KKD.

## Sakliste

Saksnr.	Arkivsak	Sakstittel	Å/L
038/10	10/79	Godkjenning av innkalling og sakliste	Å
039/10	10/78	Godkjenning av møtebok	Å
040/10	10/43	Sentrumsprest i Bergen domkirke sokn med Bergen domkirke sokn som tenestestad i Bergen domprosti	L
041/10	08/203	Økonomirapport 1.tertial 2010 - kap 1590/4590 Kyrkjeleg administrasjon	Å
042/10	08/203	Økonomirapport 1.tertial 2010 - kap 1591/4591 Presteskapet	Å
043/10	10/19	Strategiplan for Bjørgvin biskop og bispedømeråd - drøfting av utkast	Å
044/10	06/444	Ny organisering av Kirkens Familievern	Å
045/10	08/63	Søknad om fritak frå buplikta	L
046/10	10/42	Utlysing av soknepreststilling i Kinn, Nordal, Eikefjord og Bru sokn utan buplikt	Å
047/10	10/74	Fagetisk utval i overgrepssaker - Bjørgvin bispedøme - oppnemning	Å
048/10	06/428	Personalsak	L
049/10	09/161	Fremlegg om stadfesting av kulturell spisskompetanse i Bjørgvin bispedøme	Å
050/10	06/515	Oppnemning av kyrkjemusikkutval for perioden 2010- 2012	Å
051/10	06/66	Oppnemning av diakoniutval i Bjørgvin bispedøme	Å
052/10	06/358	Oppnemning av medlem til representantskapet ved Bergen Diakonissehjem Haraldsplass	Å
053/10	10/77	Referat- og orienteringssaker	Å/L

## **038/10: Godkjenning av innkalling og sakliste**

**BDDR-038/10 25.05.2010 Bjørgvin bispedømeråd vedtak:**

Innkalling og sakliste vert godkjende.

Følgjande saker vert handsama for lukka dører:

040/10 Tilsetjing sentrumsprest i Bergen domkirke menighet

045/10 Fritak frå buplikta

048/10 Personalsak

## **039/10: Godkjenning av møtebok**

**BDDR-039/10 25.05.2010 Bjørgvin bispedømeråd vedtak:**

Møtebok for møtet den 20.04.2010 vert godkjent slik ho ligg føre.

## **040/10: Sentrumsprest i Bergen domkirke sokn med Bergen domkirke sokn som tenestestad i Bergen domprosti**

**BDDR-040/10 25.05.2010 Bjørgvin bispedømeråd vedtak:**

Bjørgvin bispedømeråd ber innstillingsrådet vurdere søkjaren NN. Dette inneber at saka vert utsett til neste møte i bispedømerådet 23.august 2010.

(Framlegget fekk 7 røyster og vart vedteke.)

## **041/10: Økonomirapport 1.tertial 2010 - kap 1590/4590 Kyrkjeleg administrasjon**

**BDDR-041/10 25.05.2010 Bjørgvin bispedømeråd vedtak:**

Bispedømerådet tek økonomirapport for 1.tertial 2010 for kapitla 1590/4590 Kyrkjeleg administrasjon til vitande

## **042/10: Økonomirapport 1.tertial 2010 - kap 1591/4591 Presteskapet**

**BDDR-042/10 25.05.2010 Bjørgvin bispedømeråd vedtak:**

1. Bjørgvin bispedømeråd tek økonomirapport for 1.tertial 2010 for kap 1591 – presteskapet til vitande.
2. Netto auke i tildeling, kr 62.000, vert lagt til prosjekt 6501 – løn. Nytt budsjett for prosjekt 6501 vert etter dette kr 87.771.000.

#### **043/10: Strategiplan for Bjørgvin biskop og bispedømeråd - drøfting av utkast**

##### **BDDR-043/10 25.05.2010 Bjørgvin bispedømeråd vedtak:**

1. Bjørgvin bispedømeråd har i møte 25.mai 2010 drøfta førebels utkast til ny strategiplan for Bjørgvin bispedømeråd og biskop for perioden 2011 – 2014.
2. Bispedømerådet sluttar seg til strategigruppa sitt framlegg om å leggje særleg vekt på gudstenesta som nav i kyrkjelyden og ung i kyrkja.
3. Utkastet skal i tråd med tidlegare vedteken tidsplan sendast på høyring komande haust før bispedømerådet gjer endeleg vedtak.

(Samrøystes.)

#### **044/10: Ny organisering av Kirkens Familievern**

##### **BDDR-044/10 25.05.2010 Bjørgvin bispedømeråd vedtak:**

1. Bjørgvin bispedømeråd har i møte 25.mai 2010 drøfta ny organisering av Kirkens Familievern.
2. Bjørgvin bispedømeråd er eigar av Nordfjord familiekontor og Bjørgvin familierådgivningskontor. Bispedømerådet si hovudmålsetjing er å halde på og utvikle desse kontora som ein del av det diakonale oppdraget kyrkja har i samfunnet.
3. Bispedømerådet vart orientert i møtet om at styret for kontoret i Nordfjord ikkje ynskjer å inngå i den nasjonale stiftinga, men vil opprette ei stifting med eit lokalt geografisk styre. Styret for kontoret i Bergen hadde ikkje handsama før bispedømerådsmøtet. Dagleg leiar som var til stades i møtet hadde følgjeleg ikkje mandat til å gjere greie for styret sitt syn i denne saka.
4. Bjørgvin bispedømeråd vil legge til rette for at eigarskapet for Nordfjord familiekontor vert overdratt til ei ny stifting med føremål å tilby familierådgjeving i kyrkjeleg regi. Bjørgvin bispedømeråd vil stå som stiftar, og skal oppnemne medlemene i styret for stiftinga.

5. Bjørgvin bispedømeråd vil legge til rette for at eigarskapet for Bjørgvin familierådgivningskontor vert overdratt til ei ny stifting med føremål å tilby familierådgjeving i kyrkjeleg regi. Bjørgvin bispedømeråd vil stå som stiftar, og skal oppnemne medlemene i styret for stiftinga.

(Samrøystes).

#### **045/10: Søknad om fritak frå buplikta**

##### **BDDR-045/10 25.05.2010 Bjørgvin bispedømeråd vedtak:**

1. Bjørgvin bispedømeråd har i møte 25.mai 2010 handsama søknad frå sokneprest Hans-Jørgen Morvik om fritak frå buplikta i tenestebustaden i Søreidtræet 10.
2. Bjørgvin bispedømeråd godkjenner fritak frå buplikta for sokneprest Hans-Jørgen Morvik for tenestebustaden i Søreidtræet 10, men kan ikkje gi eit generelt fritak for bustadar knytt til eventuelle framtidige stillingar.

(Samrøystes.)

#### **046/10: Utlysing av soknepreststilling i Kinn, Nordal, Eikefjord og Bru sokn utan buplikt**

##### **BDDR-046/10 25.05.2010 Bjørgvin bispedømeråd vedtak:**

1. Bjørgvin bispedømeråd har i møte 25.mai 2010 handsama sak om utlysing av soknepreststilling i Kinn, Norddal, Eikefjord og Bru utan buplikt.
2. Bjørgvin lyser ut soknepreststillinga utan buplikt.
3. Bispedømerådet sitt pålegg etter § 33 i kyrkjelova vert følgjeleg midlertidig oppheva. Når stillinga vert ledig ved framtidige presteskifte, vil bispedømerådet pålegge kommunen å halde prestebustad til denne soknepreststillinga.

(Samrøystes.)

#### **047/10: Fagetisk utval i overgrepssaker - Bjørgvin bispedøme - oppnemning**

##### **BDDR-047/10 25.05.2010 Bjørgvin bispedømeråd vedtak:**

Bjørgvin bispedømeråd oppnemner advokat Beate Hamre, høgskolelektor/prest Morten Lystrup og psykolog Unndis Bergås til bispedømet sitt fagetiske utval i overgrepssaker.

(Samrøystes.)

#### **048/10: Personalsak**

**BDDR-048/10 25.05.2010 Bjørgvin bispedømeråd vedtak:**

Ikkje offentleg.

#### **049/10: Fremlegg om stadfesting av kulturell spisskompetanse i Bjørgvin bispedøme**

**BDDR-049/10 25.05.2010 Bjørgvin bispedømeråd vedtak:**

1. Bjørgvin bispedømeråd har i møte 25.mai handsama satsinga på kyrkje og kultur.
2. Bispedømerådet vil stimulere lokalt samarbeid mellom kyrkja og kulturlivet med stor breidde i bruken av kunstartane.
3. Bispedømerådet skal utvikle særleg kompetanse på litteratur og Ordet og på "kultur på vegen" (turneverksemd). Denne delen av satsinga skal i første omgang gjelde for 2 år.

(Samrøystes.)

#### **050/10: Oppnemning av kyrkjemusikkutval for perioden 2010-2012**

**BDDR-050/10 25.05.2010 Bjørgvin bispedømeråd vedtak:**

Bjørgvin bispedømeråd oppnemnar følgjande medlemmer i utval for kyrkjemusikk for perioden 2010 – 2012:

Organist Diccon Pearce

Kantor Gro Anthun

Kantor Harald Jacob

Kantor Tonje Eriksen Askeland

Representant for MFO (pt. kantor John William Kay)

(Samrøystes.)

### **051/10: Oppnemning av diakoniutval i Bjørgvin bispedøme**

#### **BDDR-051/10 25.05.2010 Bjørgvin bispedømeråd vedtak:**

1. Bjørgvin Bispedømeråd oppnemner diakon Tone Totland, diakon/dagleg leiar Berte Marie Ulveseter, trusopplærer/prest Terje Aannerød, Guri Sværen frå Døvekyrkja til å utgjere diakoniutvalet i bispedømet.
2. Oppnemninga gjeld for tida 1.august 2010 til 1.august 2012.

(Samrøystes.)

### **052/10: Oppnemning av medlem til representantskapet ved Bergen Diakonissehjem Haraldsplass**

#### **BDDR-052/10 25.05.2010 Bjørgvin bispedømeråd vedtak:**

Bjørgvin bispedømeråd oppnemner Øyvind Øy til representantskapet for Bergen Diakonissehjem Haraldsplass for valperioden 1.januar 2010 – 31.desember 2011.

(Samrøystes.)

**053/10: Referat- og orienteringssaker**

**BBDR-053/10 25.05.2010 Bjørgvin bispedømeråd vedtak:**

Dei framlagde sakene vert tekne til orientering.